

Dei gjev inspirasjon og dei får inspirasjon. Og at alle me som er tilhøyrarar vil få noko både for auga og for øyra, det kjenner eg meg trygg på.

Det kan synast å vera ei for stor oppgåve for ei så lita bygd å skipa til ei så stor stemna. Men med godvilje frå alle, kanskje ikkje minst frå vergudane vonar eg det må lukkast. Eg ynskjer kvar og ein lukke til, og med desse orda helsar eg deltakarane på kappleiken, domarar, presse- og kringkastingsfolk og elles alle som har funne vegen hit, — hjarteleg velkomne til Granvin!

Vellukka Vestlands- kappleik i Granvin 8 og 9 august 1970

Granvin kom vel frå tilskipinga av Vestlandskappleiken i helga. Alt var vel lagt til rette og sjølv med så mange tevlarar gjekk alt greidt unna. Tilslutnaden til tevlingane har auka frå år til år, og kappleiken med helga kan trygt seiast å vera den største såleis. Med bortimot 150 deltakarar er Vestlandskappleiken den største som blir halden etter landkappleiken.

Det vart dansa og spela i time etter time for eit stendig fullsett hus av eit interessert og kyndig publikum.

Hardanger Spelemannslag prøvde noko nytt i år med di alle domarane i spel var frå Austlandet. Dei ville med dette få domarar med eit meir uhilda syn på spelet. Om freistnaden var vellukka eller ikkje har me ikkje noko mening om då det i dei ymse klassar er så mange jamngode tevlarar at me kan nær sagt tala om dagsform som i idretten.

I kl. A i spel gjekk i år Ingeleiv Kjerland Kvammen til topps etter reint og stødig spel. Det ser ut til at ho har fått mykje av faren sin givnad i spelet. Lars Skjervheim og Leif Rygg låg tett etter, berre poeng skilde dei tre fyrste i klassen. I kl. B vart det ikkje gjeve 1. pr., men jølstringen Sigmund Eikås toppa lista. I denne klassen vart det berre premiert 7 av 16 deltakarar. I kl. C (under 20 år) vart det derimot delt ut fleire 1. premiar og 18-åringen Knut Hamre frå Folkedal synte seg denne gongen å vera i storform. Elles var tevlinga hard her, og berre tre poeng skilde mellom dei tre beste. Sett under eitt var kl. C den jamnaste klassen på tevlingane. I kl. D (over 60 år) vann som venta Anders Kjærland, og han fekk for spelet sitt den høgste poengsummen som vart gjeven på kappleiken. Og det er eit sersyn at ein mann i den alder som Anders Kjerland held seg så godt som spelemann, han har ein rein tone og framleis det store over spelet sitt.

Om dansen vil me berre referera domarformannen Jon Lone som sa at ein må gå langt attende for å finna ein vestl.-kappleik med så mykje god dans, og lite var det å leggja imellom på dei ymse tevlara. Han streka under kor viktig det var at dansarane fylgjer takten og rytmen i slåtten, og dansarane kunne gjerne sleppa seg meir lause.

Ei svært populær avgjerd tok domarane då den oppsette premien (ein stor sylvpokal) for beste individuelle dansar gjekk til Tordis Seim frå Voss. Elles er det svært sjeldan med ekstrapremiar i dans. I spel held dette på å ta overhand etter vårt skjon.

Det leid langt på kveld før den siste hadde fått premien sin og kappleiksnemnda med den dugande Kristoffer Velken som formann kunne ta ein pust i strevet. Som vanleg i Granvin har ein ei kjensle av at tek bygda på seg noko er alle med, og med omtanke var alt planlagt. Det var servering av mat i kjellaren i Trudvang der flittige koner og jenter gjorde godt arbeid.

Så endå ein vellukka Kappleik som syner at det er stor framgang for nasjonalt spel og dans på Vestlandet.

J. M.

PREMIELISTA:

SPEL, KL. A.

1. pr. Ingeleiv Kjerland Kvammen, Odda 250 p. 1. pr. Lars Skjervheim, Voss 249. 1. pr. Leif Rygg, Voss 247. 1. pr. Finn Vabø, Bergen 246. Vandrepokal for beste dansespele. 2. pr. Kjell Midttun, Voss 237. 2. pr. Oddm. Dale, Bergen 229. 2. pr. Sjur Hesjevoll, Jostedal 228.

KL. A. GJESTEKLASSE.

1. pr. Jens Myro, Ål 246 p. 2. pr. Gunleik Bondal 241. 2. pr. T. Tveiten, Nesflaten 230.

KL. B (21 delt.)

2. pr. Sigm. Eikås, 1. Sunnfj. 238. 2. pr. Rikard Hilde, Sogn 234. 2. pr. Torgils Kvandal, Kvand. 229. 2. pr. Olav Berge, Voss 229. 2. pr. Bjarne Mæland, Voss 211. 3. pr. Svein Skjerdal, Sogn 190. 3. pr. Eiv. Skjervheim, 188.

VANLEG FELE KL. B.

Ingrid Bakken, Utne 196.

KL. C. YNGSTE.

1. pr. Knut Hamre, Folkedal 248. 1. pr. J. Fjærestad, Vik i Sogn 247. 1. pr. Axel Heienberg, Bergen 246. 2. pr. Einar Mjøsnes, Voss 236.

KL. D. ELDSTE.

1. pr. Anders Kjerland, Granv. 252 p. 2. pr. Endre Bleie, Nå 240. 2. pr. Einar Spildo, Granvin 237. 2. pr. Lars Vellure, Grimo 230. 2. pr. Halvor Sørsdal, Bergen 228. 3. pr. Olav Sperle, Sogn 207. 3. pr. Per Lie, Bergen 205. Johan Lien, Bergen, 205.

STEV.

1. pr. Ingjerd Berge Juve. 2. pr. Margreta Opheim, Voss. 3. pr. Inger Fletre, Voss.

KAPPDANS, KL. A. SPRINGAR.

1. pr. Gunnbjørg Skålevik og Arvid Vedå, Bergen 57 p. 1. pr. Svanhild og Steinar Drøsdal, Bergen 55. 1. pr. Ellen Tveitnes og Torkel Bjørkheim, Bergen 54. 1. pr. Olina og Oddbjørn Hesjevoll, Jostedal 53. 1. pr. Ellen Vabø og Olav Åsvang, Bergen 53. 2. pr. Gunvor og Dagfinn Kjosås, Øystese 52. 2. pr. Aslaug og Olav Einene, Oslo 49. 2. pr. Tordis Seim og Jostein Mæland, Voss 48.

KL. A. RULL.

1. pr. Gunvor og Dagfinn Kjosås, Øystese 57 p. 1. pr. Ellen Vabø og Olav Åsvang, Bergen 56. 1. pr. Ellen Tveitnes og Torkel Bjørkheim, Bergen 55. 2. pr. Svanhild og Steinar Drøsdal, Bergen 52. 2. pr. Gunnbjørg Skålevik og Arvid Vedås, Bergen 51. 2. pr. Tordis Seim og Jostein Mæland, Voss 50. 3. Aslaug og Olav Einene, Oslo 42.

KL. A. GJESTEKLASSE.

1. pr. Arnhild Johnset og Oddvar Vestenfor, Ål 59 p. 1. pr. Reidun Rønning og Arvid Gulbring, Porsgrunn 54. 1. pr.